

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

I samband med RS 59/16 "Motorlaboratorium - Rubbestadnes vgs" spurde **Anne Beth Njærheim (V)** om det vert vurdert om prosjektet ikkje skal gjennomførast. Fylkesrådmannen svarte at motorlaboratoriet vil verte vurdert i samband med den komande rulleringa av skulebruksplanen.

**Mona Røsvik Strømme (H)** viste til RS 70/16 "Større saker til politisk behandling 1. halvår 2016 – pr. april." Ho spurde om saka om "KVU Logistikknutepunkt for Bergensområdet" kan behandlast i Hordaland fylkeskommune etter at den er behandla i Bergen kommune. Fylkesordføraren påpeikte at fristen for uttale er utsett og at fylkestinget har møte før Bergen bystyre. Det vert arbeidd med å finne ein prosess for å koordinere innspela frå fylkeskommunen og Bergen kommune.

I samband med RS 63/16 "Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen vedk. Fana gymnas/tilrettelagte arbeidsplassar" viste **Aud Karin Oen (SV)** til diskusjon i fylkestinget om problemstillinga knytt til vidare kantinedrift ein annan stad og ho etterlyste tiltak. **Anne Beth Njærheim (V)** opplyste at utval for opplæring og helse i møtet 20.04.2016 vedtok at RS 19/16 skal leggjast fram som sak i neste møte i utvalet. Her vil det m.a. verte presentert ein oversikt over kvar Hordaland fylkeskommune nyttar seg av VTA-plassar.

**Sigbjørn Framnes (Frp)** viste til RS 64/16 "Hardangerbrua - status trafikkutvikling og inntekter" og spurde om bompengeselskapa er gjort merksame på at bular frå april 2016 er definerte som småbilar og ikkje store køyretøy som tidlegare. Dette kan gje innverknad på inntektene. Fylkesrådmannen merka seg dette.